

Ekso Elveeigarlag

Høyringsfråsegn saksnummer 201201010 Evanger kraftstasjon, Myster kraftstasjon i Eksingedalsvassdraget.

Ekso Elveeigarlag vart stifta i 1976 av grunneigarane på Eidslandet, Møster/Eide og Eikefet, Bkk kom inn som medlem i 1982, formålet er å verna om interesser i anadrom strekning, slik som fiske, kultivering og anna som høyrer naturleg til. Elveeigarlaget arbeide aktivt mot planane om å byggje ut elva, dei var redde for laksen si framtid i Ekso. BKK meinte mang ein gong at det ikkje var noko fare for laksen.

Ekso var kjent som ei storlaks elv, eigarane fekk gode inntekter gjennom utleige av fiske, det var mykje fisk og det var fiskarar frå inn og utland, elva var kjent som ei sikker elv og ei sikker inntekt.

Dette varte i mange år, men etter utbygging og overføringar av vatn til Evanger begynte laksen smått om senn og minka i antall, størsteparten av vatnet vart vekke på grunn av at det er ikkje krav om minstevassføring ovanfor Nesedammen med det kom også problema med surt vatn, då det kalkholdige vatnet, kjem frå områda i øvre Eksingedalen. Gjennomsnitt vekt pr år på avliva laks i tida 1980-1987 var ca. 210 kg, det er ikkje mykje samanlikna med åra før, f.eks. 1979 det året vart det tatt 684 kg laks.

I 1987 kom Myster kraftverk i produksjon, BKK hadde problema i startfasen med kjøring av stasjonen og beklaga på Årsmøte i Ekso Elveeigarlag at det hadde vore tilstander på vassføringa som hadde vore på kanten av det lovlege.

Etter oppstarten på Myster var det kun minstevassføringa igjen av vatn 2m³ om sommar og 1m³ vinter, det er ikkje mykje samanlikna med tida før Myster og ikkje minst tida før Evanger, dette skulle laksen/ rogn overleve i. Gyteområda vart mindre, samstundes kjørte Bkk kraftstasjonen med brå start og brå stopp, yngelen stranda ut med land når vatnet forsvann, dette køyremønsteret held fram heilt til revisjon Myster kom i stand.

PH-verdien var på eit kritisk nivå i allereie i 1992, og frå fagleg hold var kalking no den einaste vegen å gå for å redde laksen. Men med lite vatn/minstevassføring og berre surt vatn frå sidebekker mellom Nese og Eidsland, så var den skaden også eit faktum.

I 1988, fiske i Ekso var det dårlegaste nokosinne, 13 laks nedstraums kraftstasjonen og 1 stk. oppstraums. Det dårlege fiske fortsette i åra framover, laksen klarte ikkje denne siste utbygging. I 1992 var det slutt etter fiske etter villaks, kun 4 år etter Myster kraftstasjon hadde sin oppstart.

Det har vore mange tiltak i elva for å få laksen tilbake, pålegg om utsetjing av smolt/planting av rogn, klekkeridrift, kalking, bygging av tersklar, endring av køyremønster ved start og stopp i kraftstasjonen, pålegg om bygging av laksetrapp i Raudfossen og Høsefossen. Raudfossen er ferdig bygt, Høsefossen har ikkje Bkk klart å byggja mest truleg for manglande kompetanse eller vilje til å skaffa seg kompetanse. Riving av terskel på Eikefet for å få betre gjennomstrøyming av vatn, då det er for lite vatn/minstevassføring, Eikefet er det viktigaste gyteområde for laksen.

Mange gode tiltak i Ekso, anadrom strekning, men har laksen komme tilbake? Nei langt i frå det, manglar vatn! Elveeigarane har i alle år sagt at det må meir vatn i elva, økt minstevassføring, men utbyggjar har heile tida hevda at kultiveringstiltak er rette vegen å gå. Det er eit tiltak som ikkje er prøvd no, meira vatn, økt minstevassføring!

Ekso Elveeigarlag

Elva er no stengt igjen etter nokre få år med fiske, det er ikkje grunneigarane som har stengt elva, men fagleg råd i lag med statsforvaltar og miljødirektoratet.

Høyringskrav: i prioritert rekkefølge

- Økt minstevassføring frå utløp Nesedammen og Eidslandet, minstevassføring i heile Eksingedalsvassdraget, minstevassføring må sikrast med å sleppe vatn i frå oppdemde vatn i fjella i øvre Eksingedalen**
 - Økt minstevassføring, kor mykje? minimum 5m³ sommar og 2m³ vinter. Men dette kan eit fagleg miljø innan laks og ferskvannsfisk sikkert svare meir konkret på.
- Starte opp med utsetting / planting av rogn igjen, i alle gyteområde for laksen, inkludert Eikemo**
- Gjennomføre og overhalde pålegg om bygging av fiskepassasje i Høsefossen**
- Bygge opp igjen terskel på Eikefet med minst 60 cm høyde , samt opne opp sandbanke på vegside av elva, slik at det blir gjennomstrøyming for å hindre gjengroing.**
- Bkk må i framtida bli meir informerande til grunneigarane om tiltak og arbeid dei gjer i og langs elva.**
- Har Bkk behov for å nytte privat veg/grunn til å komme seg til og frå installasjonar, elver eller anna, skal det kompenseras til grunneigar for bruken**

Eidslandet 29.september 2021

Med venleg helsing

Knut Eirik Møster
Ekso Elveeigarlag